

NOTAT OM OVERORDNA VA-PLAN, Kjerkalevik

Bakgrunn

Detaljreguleringsplan Kjerkalevik opnar for bygging av inntil 11 nye fritidsbustadar. På grunn av at det er ulike eigarar innanfor planområdet er det også ulik tidshorisont for eventuell gjennomføring av utbygging. Det er difor tenkt ei samla utbygging av VA-anlegg for vatn og avløp for dei som foreløpig ønskjer å starta utbygging, men med dimensjonering slik at det er råd å kopla til fleire til same anlegg i etterkant. Dersom ulik oppstart tilseier det, kan det lagast fleire separate anlegg, men som utgangspunkt skal ein søkja å samla det i færrest mogeleg tal sjøledningar. I oppstartsmøte vart det diskutert å nytta sjøvatn som sløkkjevatt for brannvesenet, dette ligg til grunn for vassbehovet innan planområdet.

Fysisk plassering av VA-utstyr vist i vedlagte VA-plan er ikkje bindande men meint som prinsippsskisse. Konkrete forhold under bygging kan medføra endring i plassering.

Utbygging av vasstilkopling

Etter samråd med BVA kan ein knytta seg til offentleg vatn i området. Dette er tilgjengeleg i kum i botnen av Kjerkalevik, kum nr 37200 ved 137/62. Herifrå går vidare med Ø63mm HDPE SDR 11 ledning i sjø, til den austre delen av planområdet for å sikra rikeleg kapasitet. Tilkopling er tenkt via felles tilkopling/avgreining i kum slikt:

- | | |
|------------------|---|
| 137/62 | Ø32mm HDPE SDR11 ledning i grøft direkte frå kum 37200. |
| 137/19 + 21 + 23 | Ø63mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200, med separat avgreining på kum på land. Vidare fordeling til tomtene med Ø32mm HDPE SDR ledning. |
| 137/49 + 50 | Ø50mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200, med avgreining i kum på land til tomtene med Ø32mm HDPE SDR ledning. |
| 137/4 | Ø50mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200 |
| 137/39 | Ø63mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200, til avgreining i kum på land, og vidare til tomt med Ø32mm HDPE SDR ledning i sjø. |
| 137/37 + 45 + 2 | Ø63mm HDPE SDR ledning i sjø frå kum 37200, til kum på land. Vidare avgreining til tomtene med Ø32mm HDPE SDR ledning. |

Dersom det av praktiske årsakar (f. eks kryssing av veg / enklare avgreiningar o.l.) er meir hensiktsmessig med tilknytning frå ein annan kum, kan dette eventuelt gjerast etter konkret avtale med BVA.

Utbygging av avløpssystem

Som utgangspunkt er det lagt opp til privat avløpsanlegg ihht lokal forskrift om sanitært avløpsvatn i Bømlo kommune. Det fins ikkje offentleg avløpsløysering tilgjengeleg i området i dag. Trykkavløpssystem må installerast og driftast i henhold til VA-miljøblad for dimensjonering (nr 66) og drift (nr 67) samt norsk standard for trykkavløp, EN-NS-1671. Det er lagt opp til felles

slamavskiljarar for grupper av bygg, og felles trykkavløpssystem og felles avløpsledning til tilfredsstillande resipient i henhold til krav stilt i lokal forskrift.

I området Kjerkalevik må ein leggja avløpsledning forbi Lyngholmen og utanfor moloen ved Lykling for å finna god nok resipient.

- 137/62 Kvernumpesystem med Ø50mm HDPE SRD11 ledning i sjø eller grøft til felles slamavskiljar ved 137/19 / 137/21
- 137/19 + 137/21 Felles slamavskiljar og trykkavløpssystem med Ø75mm HDPE SDR11 ledning i sjø direkte ut til tilfredsstillande resipient.
- 137/4 Kvernumpesystem med Ø50mm HDPE SRD11 ledning i sjø eller grøft til felles slamavskiljar ved 137/19 / 137/21
- 137/49 + 137/50 Felles slamavskilar og trykkavløpssystem med Ø75mm HDPE SDR11 ledning i sjø enten med tilkopling til avløpsledning Ø75mm frå 137/19 + 137/21 med godkjent tilkopling, eller med separat ledning ut til tilfredsstillande djupne og resipient.
- 137/2 Felles slamavskiljar og trykkavløpssystem med Ø75mm HDPE SDR11 ledning i sjø direkte ut til tilfredsstillande resipient. Sjølvfallsledning Ø110mm PP frå bygg til SLA.
- 137/45 Avløp i Ø110mm PP basert på sjølvfall til felles anlegg på 137/2.
- 137/37 Avløp i Ø110mm PP basert på sjølvfall til felles anlegg på 137/2.
- 137/39 Avløp via kvernumpestasjon og Ø50mm HDPE SDR 11 ledning i sjø til felles anlegg på 137/2.


Dersom oppsitjarane heller vil montera godkjent renseanlegg ihht til forskrift er det ei løysing som også kan nyttast innanfor planområdet. Avløpsløysingane må vera ihht gjeldande forskrift i Bømlo kommune.

Overvatn

Det vert lagt opp til at overvatn renn frå terreng og til sjø.

25.09.2020
Vidar Onarheim
Planlegg Bømlo AS

Sjø merknad avløp
BØMLO VATN OG AVLØPSSKAP AS
Tlf. 53 42 88 49 Faks 53 42 88 49
Postboks 214
5445 BREMNES



Til tilfredsstillende djupne
ihht lokal forskrift

BØMLO VATTEN OG AVFALLSREKKEPÅRBEID
 TF. 53 42 88 40, Faks 53 42 88 49
 Postboks 214
 5445 BRENNES

Virksomhet	
Prosjekt	
Plan nr.	VL
Plannavn	Kjerkatevikk - PlanID201724
Planlegger	Bømlo as
Plannummer	201724-004
Bladnr.	00

